

Backpackers

Bli med på tur til Ukraina, svartehavet, Romania og Ungarn

Kiev, Odessa,, krim og jalta, transilvania...

Bli med på eventyr.

Eg dreg i april/mai 2013, og vert borte i 14 dagar, og vil veldig gjerne ha med meg andre.

Dette er ikkje ein pakketur. Du reiser på eige ansvar, betaler overnatting og buss/togreiser etter kvart. Her er heller ikkje noko fast program. Men eg kjem til å sjekke ut ting vi kan gjere/bør sjå osv

Det einaste er at eg kjem til å booke overnattingar, sjekke ut togtider så langt det let seg gjere, og også legge opp ei reiserute og ein dagsplan som vi prøver å følge.

Eg tek 1500 kroner for bryet, pluss at eg må gå inn og booke på forhånd, slik at eg risikerer å måtte betale for oppmøte vi ikkje greier osv...

Eg er van å reise i Aust-Europa, har reist overlat i Ungarn, fer til Ukraina no i mars for å rekognosere og reiser til Romania i sommar,. Har elles reist rundt i baltikum og Vore rundt i Polen og i heile Albania og Bulgaria,, i makedonia, gamle jugoslavia, Bosnia, Zarajevo....

Men ruta er ny for meg også

Vi reiser som ryggsekkuristar på den måten slikt er. Men det er kjekkare og mykje tryggare å reise i følge. For å gjere det enklast mulig, ser eg for meg ei gruppe på seks, maks ti personar.

Eg vil prøve å halde eit øvre snitt på 200 kr per overnatting pr person. Så langt ser det ut til at eg skal greie å få dette mykje billigare til og med. Togbillettane slik eg har rekna dei ut ved det eg kan finne på nettet, kjem på ein stad mellom 2 og 3000 kroner (muligens billigare, men eg likar å vere på den sikre sida). Det eg veit er at det er billig å ete, og også andre opplevingar. Eg prøver å legge opp til ein budsjett-tur med rimelege overnattingar på greie stader. Av og til bookar eg oss også inn på sovesalar .

Eg har tenkt å setje av 10.000 kroner til reisa totalt, pluss flyturen til Budapest. Men håpar i grunnen å kome rimelegare frå det. Men det er ikkje kjekt å gå tom for pengar undervegs. (I alle fall bedre om en e ei gruppe som reiser, uansett)

Om du vil vere med, må du ikkje vere for kravstor, helst litt van med å reise, men det er ikkje det viktigaste. Det viktigaste på slike turar er evne til å vere fleksibel, å fungere i gruppe, å kunne improvisere og å like å oppleve det ukjende og å møte nye stader utafør den opptrakka turistløypa.

Og som sagt, vi reiser på eiga hand...alle...i lag.

Foreløpig sender eg berre dette utkastet til deg og andre eg har lyst å ha med.....og ser kor mange som melder seg på denne improviserte måten.

Beste helsing Anne

Tlf 90701303